SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Ingebjørg Erikstad
E-post: ingebjorg.erikstad@sfj.no
Tlf.: 41530941

Vår ref.
Sak nr.: 19/1879-5
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 13.05.2019

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
Gota 16

6823 SANDANE

Gjeld kopi av søknad til KUD for verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta. Oppfølging.

Vi viser til motteken kopi av søknad frå dykk til Kulturdepartementet, registrert inn hos oss 7.3.2019. Prosjektet er eitt av fleire som Musea i Sogn og Fjordane har i arbeid.

Vi viser til vedlagte notat frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet sitt møte 8.april 2019 der vi har laga ei oppsummering av det vi så langt kunne lese ut av dei ulike prosjektsøknadane. Vi viser også til fylkestinget sitt vedtak av 24.april 2019, særleg punkt 2 og 4 som har følgjande formulering:

«2. Eventuell fylkeskommunal medverknad i nye investeringsprosjekt i regi av Musea i Sogn og Fjordane vert å vurdere med grunnlag i konkrete søknadar frå museumsstiftinga. Slike søknadar må vise kva som er føremålet med prosjekta og elles vise investeringskostnadar, driftskonsekvensar og korleis investeringane/drifta er tenkt finansiert.

4. Fylkestinget vil påpeike at Musea i Sogn og Fjordane har endra sine prioriteringar der arbeidsmiljøomsyn i administrasjonsbygg ved Sunnfjord museum er prioritert som nr 3, etter Holevikjekta. Dette meinar fylkestinget ikkje er rett prioritet, ikkje minst knytt til dei pålegg Arbeidstilsynet kom med i sin rapport i 2016.»

Vi ser positivt på arbeidet med å sikre Holvikejekta. I fylkestinget sitt vedtak pkt 4 vert det gitt signal om å prioritere Sunnfjord Museum framfor vernebygget for Holvikejekta. Søknaden som er sendt departementet er i all hovudsak komplett. Vi ber likevel, jf pkt 2 i FT-vedtaket, om ei klargjering på korleis Musea i Sogn og Fjordane tenkjer å finansiere driftskostnadane ved vernebygget.

Med helsing

Jan Heggheim
fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad
ass. fylkesdirektør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Notat til fylkesutvalet 8.april frå fylkesrådmannen.

Mottakar (ar)
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane Gota 16 6823 SANDANE
Hovudutval for næring og kultur